

Norsk Juletremesse

21-23.mars 2012.

Godt frammøte!

Det var godt frammøte på jule-
tremessa i år også: vel hundre
var samla i, samfulle tre dagar.
Onsdag var seksti samla til
seminar, med tittelen «Kvalitet
i juletreproduksjonen. Plante-
kvalitet, toppskuddregulering
og forming i juletre»



Etter mange års forsøk med toppskotsregulering med såkalla økologiske metodar, var forhåpningane store om nye effektive metodar. Arne Sæbø, Bioforsk Vest, oppsummerte eit trettittals ulike metodar som var utprøvd, dessverre utan å nå den magiske grensa på 30 % reduksjon av toppskotsveksten. Claus Jerram Christensen informerte frå danske forsøk. Sæbø trekte den føreløpige konklusjonen at så langt finnst det ingen lovande, effektive metodar som kan karakteriserast som økologiske. Det kom gode innspel frå salen, også på metodar som er i aktiv bruk blant enkelte juletreproducentar i dag; og det blir nye feltforsøk i 2012. Håpet er ikkje ute for å finna ein effektiv økologisk metode for toppskotsregulering, men om ein ikkje finn ein slik, har me få andre alternativ, enn å satsa på å få godkjent kjemi.

Heldigvis finst det gode resultat frå kjemiske forsøk i Danmark, med fleire nye aktivstoff: danskane er tilsynelatande i den heldige situasjonen å ha komme midlertidig styrkte ut av forbodet mot Promoxsom? Me håpar på at de i Danmark får godkjende toppskotsforkortandemiddel, som me i neste omgang kan få godkjend i Norge.

«Korleis kan dyrkarane bli flinkare til å forutsjå den framtidige utviklinga i juletreet?» undra Arne Sæbø. Næringstilgang, klimaforskjeller og behovsbestemd gjødsling snakka Lars Bo Pedersen og Claus Jerram Christiansen om. Det er ikkje lett å seia noko enkelt og eintydig om småplantekvalitet og etablering meinte Hans Martin Hanslin, fordi så mange ulike parameter virkar inn på resultatata. Terjer Hidle rådde til å starta så seint på formingsarbeidet som råd opp mot hausting, for å få ned arbeidskostnaden, men likevel gjera nok til at kunden blei fornøgd.

Torsdag starta med maskinsutstilling ute, og utstyr og planter inne. Sola Airport hotell ligg sentralt, men dessverre blei utstillingane delte for mykje opp: dette kan forbedrast eit anna år. 12 utstillarar.

Leiar i Norsk Pyntegrønt Arne Svandal åpna messa med å drøfta muligheter og utfordringar i norsk pyntegrønt- og juletreproduksjon. Claus Jerram Christensen orienterte om det europeiske samarbeidet i CTGCE, og juletremarkedet 2011 i Europa sett med danske auger. Kaj Østergaard såg på tilbodet av nordmannsedelgranfrø dei siste åra og stipulert tilbodet av ferdige juletre i åra som kjem: var konklusjonen at nå var det kanskje rett tid å plante nobelgran?

Gorden Haaland presenterte den norske prisstatistikken frå 2011, prisen hadde gått opp, med unntak av fjelledelgran. Det mest gledelege var at oppslutninga om innmeldinga hadde vore så god.

Lars Bo Pedersen snakka om binding av CO₂ i juletre: i det store er det eit nullsumspel, men i dyrkingsåra bind ein mykje klimagass.

Arne Wilhelm Mohn Omsted, kommande juletre dyrkar, kom som eit friskt pust og snakka om viljen til å satsa på draumen, og viljen til å vera god og tena pengar. Bjørnar Bjelland pre-



Fjelledelgran var eit viktig tema på Norsk juletremesse: frøforsyning og merkevarebygging av fjelledelgran. Fotoet viser Arisonica proveniens dyrka på Sekse i Hardanger. Fotograf: Sjur Ove Svartveit.



Portaltraktor er kjekt der terrenget tillet slikt utstyr: nytt i år var direkte blanding av sprøyteveske på traktoren ved punktbehandling, og utstyr som kombinert klipping av gras midt mellom rekkene og ugrassprøyting i planterekka. Fotograf: Odd Magne Nordmark.

senterte det nye prosjektet om merkevarebygging av fjelledelgran. Han utfordra forsamlinga til å komma med gode forslag på namn til bruk i Norge og Europa elles: forslaga er ikkje vurderte ennå, men ein vinnar av formingssaks blei trekt ut, for å ha komme med forslag til namn. Audun Rake informerte om Innovasjon Norge si treårige satsing på juletre i Rogaland. Nå har Innovasjon Norge lagt bak seg den aktive støtten til utviding av plantasjar, men ser med varme auger på tiltak som skal fremja sal.

Venche Talgø har funne meir skremeleg sopp. Kva tiltak kan ein setja inn for å bekjempe desse? Dessverre virka det ikkje til å vera enkle løysingar: td for honningsoppen er fjerning av smitta plantemateriale, oppgraving av røter og nedsetjing av fysiske barrierer tilrådde åtgjerer for å hindra spreing.

Fredag fortsette diskusjonen som Jan Ole Skage hadde starta dagen før: i ein situasjon med dårlege frøår og lite tilgang på fjelledelgranfrø; skal ein då så frø frå tilgrensande område til dei kjende og utprøvde proviniansane? Enkelte dyrkarar gav uttrykk for at då var det betre å sitja på gjerdet og ikkje planta, i påvente av å få lettstelde, fine, og utprøvde juletreproviniansar. Øyvind Mæland Edvardsen frå Skogfrøverket, fortalde om god tilgang på frø av norsk gran til juletre, mens frøforsyning av fjelledelgran er veldig labil. Etablering av fjelledelgranfrøplantasjar er i oppstartfasen. Dessverre har ikkje arbeidet med genetiske markørar blitt eit nøyaktig reiskap i identifiseringa av plantematerial, ennå.

Fredag fylde Kaj Østergård året, og me takka han for lang og resultatrik teneste i Norge. Kaj Østergård har arbeida 27 år for juletre i Danmark, og Terje Pundsnes møtte Kai for 26 år sidan. Takk til Kaj Østergård, utan deg, ville Norge vore annleis!

Norsk Juletremesse er ein møteplass: her treffest ein til vennskapeleg prat, til utveksling av erfaringar og til formelle møte, og avtalar framtidige forretningar. Tre dagar, og to overnattingar, er ein lang, men givande juletreopplevelse. Eg vil retta ein stor takk til kommiteen og Rogaland pyntegrøntlag som har lagt ned mykje god dugnad i arrangementet.

Ps: I år kom det sure kommentarar om at nå var det i overkant mykje fjelledelgran-snakk. I fjor tippa det vist i nordmannsedelgran-grøfta? Om kommiteen neste år får kritikk for formykje vanleg norsk gran- stoff, har dei kanskje klart det umulige, nemleg å skifta mellom sol og vind? ■

Utstyr til salgsplatsen: meirsalg i år, og forhåpentlegvis kjem kunden att neste år for å få tre med spesialbora hol til den grumme juletrefoten. Fotograf: Odd Magne Nordmark.



Smal rekkegåande traktor med utstyr for oppstamming av juletre: oppstamming lettare arbeidet med å forma fine juletre og minskar sopp-skadene i feltet. Fotograf: Odd Magne Nordmark.

